



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201307628-8/344/JANNOR

Dykkar ref.:
nve 201302845-4

Bergen, 11. desember 2013

Søknad om konsesjon for overføring av Middagsvatn til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune - Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 19.09. 2013 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Statnett AS sin søknad om overføring av Middagsvatnet til Mauranger kraftverk.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 20.11.13 sak 120/13 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljplan med alle planlagde inngrep av varige og mellombels karakter må sendast til høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
2. Det må stillast krav i konsesjonen til minstevassføring i elva frå Middagsvatn som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.
3. Kamuflering av tersklar og tildekking av utløpsrøyr må gjennomførast med best mogleg landskapstilpassing.

Vedlagt følgjer kopi av saksutgreiing og møteprotokoll.

Gudrun Mathisen
Seksjonsleiar

Jan Nordø
Seniorrådgjevar

Vedlegg: 2

Kopi: Lars Øyvind Birkenes, Kultur- og idrettsavdelingen